

Gravferd í Tokke kommune

- Eidsborg, Mo & Skafså sokn -

- Høydalsmo & Lårdal sokn -



Gravplassar i Tokke

Eidsborg, Mo & Skafså sokn:

- Eidsborg kyrkjegard
- Mo kyrkjegard
- Skafså kyrkjegard

Høydalsmo & Lårdal sokn:

- Høydalsmo kyrkjegard
- Lårdal kyrkjegard





Informasjon om gravferd i Tokke kommune

Det er vondt å miste ein som står oss nær. Tida etterpå er prega av mange følelsar og reaksjonar. I løpet av de første dagane må innhaldet i gravferda fastsetjast. Det er mykje nytt som ein må ta stilling til og sette seg inn i.

Kyrkjekontoret har utarbeidd eit informasjonshefte for deg som har eller kjem til å få eit forhold til gravplassane i Tokke kommune. Ved spørsmål, kontakt kyrkjekontoret i Tokke. Kontaktinformasjon er på baksida av heftet.

Det er Den norske kyrkja sine sokn i Tokke som er eigarar av kyrkjegardane, (Gravferdslova (GL) § 1). Det er Tokke kyrkjelege fellesråd som forvaltar kyrkjegardsdrifta på vegne av sokna i Tokke (GL § 3). Alle innbyggjarane i Tokke har rett til gravlegging på kyrkjegardane i Tokke.

Frå gamalt av var det slik at ein hadde gravferd på kyrkjegarden i soknet som avdøde hørde til. Idag har ein rett til å velje den kyrkjegarden i kommunen som ein ynskjer.

Kyrkjeleverja er behjelpelig med å finne høveleg gravstad.

På dei neste sidene kjem vedtektene for gravplassane i Tokke. Om det er noko her som du er usikker på – ta kontakt med kyrkjekontoret.

Kva betyr det å være festar for gravplass?

Uttrykket "festar", knytt til gravplass, betyr "ein person som har leigd/ reservert ein eller fleire graver". Ei slik festa grav kan ikkje nyttast før festar tillét det. Det betyr at festaren har festeretten.

Vedkommande som er oppført som festar er ansvarlig for gravplassen, og er personen Tokke kyrkjelege fellesråd skal ha kontakt med i alt som har med denne gravplassen å gjera. Festaren betalar festavgift for den eller dei



gravene festaren har festerett til.

Festeavgift

Avgift for feste betales for graver der perioden med fri grav er over. Det må betales festeavgift for reserverte graver. Eit gravsted kan bestå av fleire graver (kisteplasser). Det er mest vanleg å ha to kisteplasser pr. gravstad. I nokre dømer er det fleire kisteplasser, men og berre éin. Satsen for festeavgift er for tida kr. 200,- pr. år pr. kisteplass. Festeavgifta betales for 5 år om gongen. Festeavgifta vert fastsett av kommunestyret i Tokke.

Frigrav

Avlidne som ved dødsfallet hadde bustad i kommunen har rett til fri grav på gravplass her. Det same gjeld dødfødde born når mora eller faren har bustad i kommunen (Gravferdsloven (GL) § 6).

Første gravlegging i ein heilt ny grav (kisteplass) – som ingen er festar for, er fri for avgift i fredingstida.

Kyrkjeleg fellesråd kan gi tillating til at personar utan bustad i kommunen kan gravleggast på gravplass i kommunen, men desse har ikkje krav på fri grav.





Vedtekter for gravplassane i Tokke

Gjeven i medhald i lov av 7.
Juni 1996 nr. 32 om
kyrkjegardar, kremasjon og
gravferd (gravferdsloven) § 21.

Vedteke av Tokke Kyrkjelege
fellesråd 19.mars 2015 sak
02/15 og 16. desember 2015
sak 16/15

Godkjent av Agder
bispedømmeråd 22.10.2015.

§ 1 GRAVPLASSTILHØYRING

Avlidne personar i kommunen
kan gravleggjast på den
gravplassen i kommunen som
ein måtte ønskje, om avlidne
ikkje gravleggast i ein annan
kommune.

Dei som bur utanfor
kommunen kan få gravplass
mot å betale fastsatt avgift
vedteken av Tokke kyrkjelege
fellesråd.

§ 2 FREDINGSTID OG FESTETID

Fredingstid for urner er 20 år.
Tokke kyrkjelege fellesråd

vedteke å utvide generell
fredingstid for kister frå 20 år
til 30 år grunna klima og
jordsmonn. Fredingstid betyr
tida frå gravlegging, til når det
er mogleg med gjenbruk av
grava. Festetid er 5 år.

§ 3 FESTE AV GRAV

Feste av eit nytt gravsted kan
berre skje i samband med
dødsfall.

Når ny kistegrav vert teken i
bruk, er det høve til å feste ei
grav ved sida av og etter
søknad til Tokke kyrkjelege
fellesråd, for ei ekstra grav i
tillegg om det er bruk for det.
Desse gravene utgjer da ein
gravstad. Den første grava som
vert teken i bruk på ein ny
gravstad er ei fri grav i heile
fredingstida (30 år, inga
festeavgift).

Ved feste av eit nytt gravsted
som urnegrav kan ein ikkje
forvente å kunne få feste grav
ved sida av.

Når fredingstida for fri grav
eller festetida for ein festa
grav er ute, kan gravstaden
festast for nye 5 år. Når det er
gått 60 år etter siste



gravlegging, kan festeavtale ikkje fornyast utan ved søknad om forlenging til Tokke kyrkjelege fellesråd. I god tid før festetida er ute skal festaren varslast. Er festet ikkje fornya innan 6 månader, fell gravstaden tilbake til gravplassen.

Festaren har rett til å bestemme kven som skal gravleggast i grava og forsyne grava med gravminne samt elles rå over han. Festar har plikt til å halde grava i hevd slik at gravstaden ikkje er til sjenanse.

Dersom festaren sitt samtykkje ikkje kan innhentast, kan Tokke kyrkjelege fellesråd avgjere spørsmålet om gravlegging.

Festaren pliktar å melde frå om endring av adresse til Tokke kyrkjelege fellesråd.



§ 4 GRAV OG GRAVMINNE

Kyrkjetenarane syter for planering og såing av jorda etter gravlegging, så snart det let seg gjere. Gravminne kan ikkje setjast opp tidlegare enn 6 månader etter gravlegging av kiste. I mellomtida set Tokke kyrkjelege fellesråd opp eit merke med avlidne sit namn. Festar av grav er ansvarleg for gravminne.

Me gjer merksam på forskrift om «Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd» (Gravferdslova); §23 Dimensjonar og § 24 Sikring, for meir utfyllande informasjon om storleik på og sikring av gravminne på gravplassen.

På nytt festa gravsted settast opp gravminne i bakkant av den grava som er teken i bruk. (På Mo kyrkjegard er det eit felt der gravminne settast opp i framkant av grav som er teken i bruk.)

Tokke kyrkjelege fellesråd skal godkjenne gravminne og fundament før det settast opp på kyrkjegarden.



Tokke kyrkjelege fellesråd kan fatte vedtak om at eit område av gravplassen eller einskilte graver med gravminne og anna utstyr skal takast vare på for ettertida. Slikt vedtak gjerast i samråd med festar. Slikt vedtak kan gjerast der gravminne på eit område av gravplassen eller eit gravminne er av ein viss alder, gjer uttrykk for ein interessant historie eller er unikt.

På Eidsborg kyrkjegard er det grunna brannfare knytt til stavkyrkja eit særskilt forbod med all open eld, fakkelboksar eller all anna lykter med flamme i.

Open eld på dei andre gravplassane er ikkje tilrådeleg då kyrkjebygga ikkje er sikra mot brann. Lukka lykter skal fjernast etter bruk. Fastmontera lykt eller liknande montert på gravminnet vert ikkje tillét.

Kyrkjetenarane har ikkje ansvaret for å sikre eller rette opp eit gravminne som har vorte skeivt. Fester har sjølv ansvaret for slikt. Om gravminnet ikkje er bolta eller er ein fare for andre, vert festar kontakta.



§ 5 PLANTEFELT

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgd med bakken rundt. Det skal ikkje vere breiare enn breidda på gravminnet. Plantefeltet kan ikkje stikke lenger fram enn 60 cm, målt frå bakkanten av gravminnet. Det kan ikkje plantast vokstrar som er høgare enn gravminnet, eller kjem til å vekse høgare enn gravminnet, eller veks ut over plantefeltet.

Det er ikkje høve til å bruke faste dekorting, så som blomsterurner, lykter m.v. i plantefeltet. Lause dekorting skal fjernast etter bruk.

Det er høve til å ramme inn plantefeltet med ein delt natursteinkant som fluktar med terrenget rundt. Om slik kantstein hevar seg er det festars ansvar å fjerne kanten eller justere denne ned til bakkenivå. Skader på kyrkjegardsutstyr i samband med grasklipp/rydding av sno grunna heva/forskyve kanstein må erstattast av fester.

Frå 01.01.2016 er det ikkje høve til å setje ned

blomsterplate/ bedplate i staden for plantefelt. Dette har ikkje tilbakeverkande kraft.

Det er ikkje høve til å ramme inn grav eller delar av gravstaden med hekk eller dødt materiale.



§ 6 PLANTETILFANG

Plantar, kransar og liknande tilfang som vert nytta ved gravferd eller ved pynting av grav og som endar som avfall, skal i sin heilhet vere heilt komposterbart.



§ 7 STELL AV GRAV

Festar av gravstad har rett og plikt til å stelle den grava han har ansvaret for. Plantefelt som ikkje vert tilplanta og stelt, vert tilsådd med gras av dei tilsette i Tokke kyrkjelege fellesråd. Tokke kyrkjelege fellesråd kan syte for stell av grav gjennom eige avtale om gravstell.

§ 8 AVTALE OM STELL AV GRAV (fond for stell av grav)

Mot innbetaling av ein bestemt sum frå festar eller ansvarleg for frigrav, tek Tokke kyrkjeleg fellesråd ansvaret for planting og stell av gravstaden for ein periode.

Avtalar om stell av grav vert forvalta av Tokke kyrkjelege fellesråd. Innbetala beløp med tillegg av renter skal dekkje utgifter til vanleg planting og stell av gravstaden i ein på førehand fastsett periode. Det skal i kvart einskild høve opprettast særskilt avtale.

Avtale om stell av grav kan ikkje opprettast slik at det varar lengre enn fredingstid eller festetid. Om midlane i

løpet av avtaleperioden ikkje rekk til, skal kyrkjeeverja gje melding til festaren av gravstaden. Det er da høve til å auke fondet slik at midlane rekk tida ut.

Vert fondet ikkje auka, vil stellet av grava avsluttast når midlane er bruka opp.

Dersom det er midlar att av fondet når avtaletida er ute, kan midlane nyttast av kyrkjeleg fellesråd til å gjere gravplassen vakrare.

Avtaler om stell av grav vert forvalta i eit fond. Tokke kyrkjelege fellesråd fører eige rekneskap for kvar avtale som vert revidert årleg. Fellesrådet har høve til å rekne gebyr for administrasjon og revisjon av fondsmidlane.

§ 9 BÅREROM

Bårerom skal berre nyttast til å ta vare på avlidne i tida fram til gravferd. Ingen har tilgang til bårerom utan etter løyve. Syning og samvær i bårehus kan berre gjerast etter samtykkje frå personen som syter for gravferda.





§ 10 NÆRINGSVERKSEMD

Næringsdrivande som ynskjer å drive verksemd i tilknytning til gravplassar i Tokke må hente inn løyve frå Tokke kyrkjelege fellesråd på førehand. Løyve kan tilbakekallast om vedkomande eller vedkommandes bedrift ikkje retter seg etter dei reglane som gjeld. Slik verksemd kan berre omfatte montering og vedlikehald av gravminne og planting og stell av graver.

Kyrkjetenarane kan ikkje mot godtgjering utføre tenester for private eller næringsdrivande knytt til gravplass eller gravferdstenester. Dei kan heller ikkje engasjere seg i sal av varer eller tenester som har med gravplassen å gjere.

Etter avtale med Tokke kyrkjelege fellesråd kan kyrkjetenar utføre oppretting/vedlikehald av gravminne mot betaling til Tokke kyrkjelege fellesråd.

Arbeidsoppgåvene skal vere nedfelte i kyrkjetenarane si arbeidsinstruks og godtgjering for slikt arbeid skal betalast til Tokke kyrkjelege fellesråd.

§ 11 ANSVAR

Tokke kyrkjelege fellesråd er ikkje ansvarleg for skader på graver og gravminner ved naturhendingar, hærverk, tjuveri e.a. Tokke kyrkjelege fellesråd er ikkje ansvarleg for skader på grav i nærleiken av grav som gravas opp eller att, med mindre det er utvist aktlause frå kyrkjetenarane.

§ 12 OMLEGGING ELLER NEDLEGGING AV GRAVPLASS

Tokke kyrkjelege fellesråd har, om det er naudsynt, høve til å legge om kyrkjegarden eller delar av kyrkegarden, slik som oppfylling, eller kartlegging som inneber flytting av gravminne, utan at slikt arbeid bryt med føresetnadane for feste.

Når ein gravplass eller delar av ein gravplass vert lagt ned kan ingen krevje erstatning for dei rettane som då fell burt.





§ 13 DIVERSE

Freden på gravplassen må
ikkje forstyrrast med leik eller
støy. Privat køyring på
gravplassen kan berre skje
etter løyve frå kyrkjeverja.

Det er ikkje tillate med sykling
eller lufting av hundar på
gravplassen.

Alt avfall frå stell av grav må
fjernast og sorterast. Reiskap/
utstyr som tilhøyrar
gravplassen skal setjast
attende på plass etter bruk.
Alle som festar/steller ein
gravstad pliktar å rette seg
etter gjeldande lover,
føreskrifter og pålegg frå
Tokke kyrkjelege fellesråd og
kyrkjetenarane.

*Gjeven i medhald i lov av 7. juni
1996 om kyrkjegarder, kremasjon
og gravferd (gravferdsloven) § 21.
Vedteke Tokke kyrkjelege fellesråd
19. mars 2015 sak 02/15 og 16.
desember 2015 sak 16/15.
Godkjent Agder bispedømmeråd
22.10.2015*



Nedsetting av Urne

Ved nedsetjing av urne er det ikkje seremoni. Om gravferdsritualet allereie er gjennomført (t.d. bisetting), er det difor ikkje naudsynt at prest eller annan seremonileiar er til stade når urna vert sett ned.

Om man ynskjer en seremoni med prest eller anna seremonileder, må desse få beskjed om dette på førehand av fester av gravplassen.



Retningslinjer for nedsetjing av urne.

Etter kremasjon kan urna oppbevarast hos vedkommande kyrkjegardsmyndighet der urnenedsettelsen skal finne sted.

Urna kan ikkje utleverast frå krematoriet før kyrkjevevja har sendt ein erklæring til krematoriet om kvar urna skal gravleggast

I Tokke vert urna sendt til kyrkjekontoret, om ikkje anna er avtalt på førehand.

Gravlegging av urna skal skje seinast 6 månader etter dødsfallet. (§ 12 Lov om kyrkjegardar, kremasjon og gravferd).

Det er viktig å hugse på at den som syter for gravferds-seremonien avtaler tidspunkt for nedsetjing av urna med kyrkjevevja.



Som hovudregel er det tre alternativ for nedsetting av askeurner:

1. Urna settast ned på gravplassen av familie/pårørande i saman med kyrkjetenar.
2. Urna settast ned på gravplassen av kyrkjetenar utan at pårørande deltek.
3. Urna settast ned på gravplassen med prest/seremonileiar til stades.

Oskespreiing

Fylkesmannen kan, etter søknad frå personar som er fylt 15 år, gje løyve til at personen som syter for gravferda spreiar oska. Om avlidne ikkje har søkt om spreiiing av oske, kan personen som syter for gravferda søke om å få spreie oska dersom

det var sannsynleg at avdøde ynskja oskespreiing.

Fylkesmannens vedtak kan ankast til departementet. Urna skal alltid leverast inn att til kyrkekontoret etter at oska er spreidd.

Stell av grav

Planting og stell er ein viktig del av ein vakker kyrkjegard. Kyrkjekontoret har ordningar for dei som ynskjer hjelp til slikt. Ta kontakt for meir informasjon og prisar.





Prisar pr. 2020

For prisar sjå vår heimeside www.kyrkja.tokke.no .

Når nokon har gått bort – kva gjer eg?

Når nokon har gått bort kan det vere godt å få hjelp med det praktiske. Det enklaste kan vere å ta kontakt med vårt lokale gravferdsbyrå, dei formidlar kontakt mellom pårørande og fellesrådskontoret. Men det er og naturleg om pårørande tek direkte kontakt med fellesrådskontoret, så opprettar kyrkjekontoret kontakt med gravferdsbyrå.

Men etter gravferda kjem det også ein tid. Tid for ettertanke, tid for minner, tid for sakn og tid for tårer. Ein heilt annleis tid. For mange ein vanskeleg tid.

Det finst eit diakonalt tilbod til pårørande for denne tida. Ta kontakt med vår diakon eller våre prester. Diakonen organiserer mellom anna tilbod om ulike sorggrupper. Det er eit tilbod som kan vere til hjelp. Anten samtale ein til ein, eller i lag med andre i ein gruppe. Tilbodet er gratis.





Kontakt oss

Det er felles kontor for Tokke kyrkjelege fellesråd og for kyrkjelydskontor til Eidsborg, Mo og Skafså sokn og Høydalsmo og Lårdal sokn.

Besøks- og postadresse: Tokke kommunehus
(opent tys-ons, kl 10-14) Storvegen 60
Tlf. 350 75 230 3880 Dalen
Felles heimeside: www.kyrkja.tokke.no

Diakon

Eilev Erikstein mob. 911 13 580,
eilev.erikstein@tokke.kommune.no

Prest

Hallvard N Jørgensen mob. 959 22 984,
hallvard.jorgensen@tokke.kommune.no

Kyrkjeverja i Tokke

Bjørnar Christensen, tlf. 350 75 233, mob. 908 77 188
kyrkjeverja@tokke.kommune.no

Versjon 12.06.2018 - oppdatert 11.05.23

